



Sunnfjord
kommune

Vurdering av strukturtiltak

Tiltak J - Nedlegging av Sunde skule



Innhold

Beskriving av tiltak.....	3
Geografi og elevtalsutvikling	3
Ny kringsgrense om Sunde skule vert flytta til Slåtten skule	5
Geografi og elevtalsutvikling	6
Kapasitet	8
Konsekvensar	9
Økonomisk effekt.....	9
Konsekvensar for elevane	10
Fagmiljø og læringsutbytte.....	10
Klassestorleik og læringsmiljø.....	10
Elevmiljø og trivsel	10
Overgangar og kontinuitet.....	10
Konsekvensar for tilsette	11
Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	11
Andre konsekvensar.....	11
Effekt- og konsekvensmatrise	12
Konklusjon	13

Tiltak J - Nedlegging av Sunde skule

Tiltaket består av nedlegging av Sunde skule og


- flytte elevane til Førde barneskule, eller
- flytte elevane til Slåtten skule, og utvide Førde barneskule sin krins opp til Prestefoss bru for å redusere trykket på Slåtten, eller
- flytte elevane til Flatene og Halbrend skular

Start | Haust 2026

Beskriving av tiltak


Geografi og elevtalsutvikling

I Førde sentrum er det 4 grunnkretsar: Slåtten, Førde, Halbrend/Flatene og Sunde.




Figur 1 - Skulekrinsar i Førde sentrum

For barneskulane ser utviklinga slik ut med gjeldande skulestruktur:



Ny kringsgrense om Sunde skule vert flytta til Slåtten skule


I forslaget om å legge ned Sunde skule og flytte elevane til Slåtten skule er det føreslått å lage ei ny kringsgrense mellom Førde og Slåtten skulekrins. Grensa vert flytta nærare Prestefoss bru slik at Grovne og Rusta blir ein del av Førde barneskule. Elevane som vert flytta frå Slåtten til Førde barneskule bur innafør det markerte området, og tala i kartet representerer barn født i frå og med 2009 til og med 2023:



Hausten 2026 vil elevtalet i det markerte området vere 65.


Geografi og elevtalsutvikling

På Førde barneskule dei ulike alternativa i dette tiltaket gjere følgende utslag på elevtalsutviklinga:




I grafen over er det lagt til eit alternativ der elevar frå Sunde skule vert flytta til Førde barneskule, og elevane som krinsar til Førde barneskule i dag som bur sør for Jølstra, blir flytta til Halbrend for å redusere kapasitetsutfordringa på Førde barneskule.


For Slåtten skule sin del vil elevtalsutviklinga sjå slik ut:



For Halbrend skule sin del vil dei ulike variasjonane enten auke elevmassen med Førde barneskule sine elevar som bur sør for Jølstra, eller med alle elevane på Sunde skule. Elevantviklinga vil dermed sjå slik ut om ein legg til grunn at Flatene og Halbrend skal halde fram med dagens fordeling av klassetrinn:



Dersom ungdomsskulen på Halbrend vert flytta, og Flatene skule blir 1.-4.-skule og Halbrend skule blir 5.-7.-skule vil elevantviklinga med Sunde skule sjå slik ut:



Kapasitet

På Slåtten skule er det 21 klasserom, der eitt av dei er mindre eigna. Dette gir ein kapasitet på maksimalt 500 elevar dersom vi har 25 elevar i kvart klasserom. Det er trengsel på spesialrom som grupperom og gymsal med dagens elevtal på 413, og skulen melder om behov for areal til arbeidsplassar for lærarane. Dette vil bli ei større utfordring ved enda høgare elevtal. Hausten 2026 vil det vere 501 elevar på Slåtten med elevar frå Sunde skule, og utan elevane i Grovene/Rusta.

Dersom Slåtten skule skal kunne ta i mot elevar frå Sunde barneskule må det påreknast investeringar for å dekke behov for spesialrom og kontorplassar.

Dersom Sunde skule vert flytta til Førde barneskule vil elevtalet hausten 2026 vere 338. Rapporten som Norconsult har laga der Førde ungdomsskule sitt bygg er vurdert som ny barneskule har tatt utgangspunkt i at det vil vere behov for areal til 270 elevar. Rapporten slår fast at det er meir enn nok areal til denne elevmassen (270), men seier ikkje noko om kva som er maksimalt forsvarleg elevtal. Dersom ein skal vurdere å flytte Sunde skule til Førde barneskule bør ein derfor gjere nye vurderingar på kva ei utbygging av den gamle ungdomsskulen vil få av omfang.

Det er lagt inn eit alternativ for kringsgrensejustering der elevane som bur sør for Jølstra vert flytta til Halbrend. Dette vil lette kapasitetsutfordringa på Førde barneskule noko. Elevtalet vil med dette alternativet vere 313 hausten 2026. Dette er framleis over det Norconsult-rapporten har greia ut.

Flatene skule har 14 klasserom. Skulen vil kunne ta imot 3 parallellar per trinn som svarar til om lag 330 elevar om det hadde vore ein 1.-4.trinnsskule. Skulebygget er spesialtilpassa for 1.-4. trinn. Med dagens trinnfordeling, der Flatene har 1. til 5. steg vil det ikkje vere kapasitet til å ta i mot elevane frå Sunde. Hausten 2026 vil kullet i 5. klasse telje 62 elevar, og hausten 2027 vil det vere 79.

På Halbrend skule er det 19 klasserom. Det gir kapasitet på 475 elevar dersom vi har 25 elevar i kvart klasserom. Det er med andre ord god kapasitet på Halbrend skule til å huse 6. til 10. steget. Dersom vi flyttar 5. steget frå Flatene til Halbrend, vil elevtalet overstige 475.

Tiltaket med å flytte Sunde skule til Halbrend/Flatene bør derfor sjåast i samanheng med ei eventuell flytting av ungdomssteget på Halbrend. Dersom Halbrend skule blir ein 5.-7.-skule, og Flatene ein 1.-4.-skule vil det vere god kapasitet til elevane frå Sunde, med overkapasitet på Halbrend skule.

Konsekvensar

Økonomisk effekt

Vi får ikkje effekt av dette tiltaket før siste halvdel av 2026, altså full effekt i 2027. Vi ser for oss følgande effektar:

- Reduksjon i leiingsressurs
- Effektivisering av drift (stordriftsfordelar)
 - Reduksjon i andre kommunale årsverk (Merkantil, bibliotekar osv.)
- Reduksjon i tal skulebygg.
- Auke i elevar med behov for skuleskyss
- Auka investeringsbehov for å tilpasse skulebygg.

Tabellen under syner økonomisk effekt av å flytte Sunde skule til Førde barneskule, og vidareføre kringsgrensene i sentrum slik dei er i dag.

	Budsjettår	Økonomiplanperiode				
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Teneste 202	0	0	986	2362	2355	2353
Bygg Sunde	0	0	1560	3744	3744	3744
Auke i skuleskyss: 120*9000kr			-450	-1080	-1080	-1080
Tilskot pr. grunnskule*	0	0	-536	-536	-536	-536
Samla innsparing	0	0	1560	4490	4483	4481

* Gitt at ordninga frå dagens regjering vert vidareført

I dette tiltaket er det ei eventuell nedlegging av Sunde skule som gi økonomisk effekt. Det er først når ein legg ned ein skule, eller eit hovudtrinn, vi oppnår innsparingar av betydning. Det er av den grunn ikkje utrekningar på dei ulike variasjonane med kringsgrenser, då det i ressursfordelingsmodellen i praksis betyr å flytte ressursar pr. elev frå ein skule til ein anna, slik at det ikkje gir særleg utslag.

Innsparinga som følger av å ikkje lengre ha skule i bygningsmassen på Sunde er avhengig av at bygget vert seld, eller nytta til andre tenester. At barnehagen ligg på same tomte vil kunne avgrense moglegheitene for å frigjere bygningsmassen.

Kostnadar for skuleskyss er rekna ut i frå kor mange elevar på Sunde skule som vil få rett på skyss ved flytting til Førde barneskule, men som ikkje har det i dag.

Konsekvensar for elevane

Fagmiljø og læringsutbytte

Elevane vil ved flytting og samling på skular med høgare elevtal i utgangspunktet ikkje ha andre forutsetningar enn dei har i dag i høve fagmiljø og læringsutbytte. Fleire ressursar på ein skule kan gi betre føresetnader for tverrfaglege prosjekt, der lærarar frå ulike fag kan samarbeide og gi elevane meir heilskapleg opplæring. Skulane vil også i større grad kunne legge timeplanar som sikrar elevane rett fagkompetanse.

Klassestorleik og læringsmiljø

I dette tiltaket ligg det inne løysningar der fleire skular vert fylt opp til maksimal kapasitet. Det betyr at vi i større grad enn tidlegare fyller klassane heilt opp.

Eit større skulemiljø gir moglegheit for fleksible læringsgrupper som styrkar tilpassa opplæring.

Det må også leggast til grunn at større miljø kan vere utfordrande for enkelte elevar, og bidra til svekking av tryggleikskjensla. Fulle klassar gir betre utnytting av lærarressursane, men i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget «Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen» kom det tydeleg fram frå både FAU og dei tilsette, at fulle klassar ikkje var til det beste for alle elevar.

Elevmiljø og trivsel

Eit større elevtal gir meir variasjon i det sosiale miljøet, med fleire moglegheiter til å danne vennskap og styrke den sosiale dynamikken på skulen.

Samtidig vil eit større miljø krevje tiltak mot mobbing og systematiske arbeid for å styrke sosial integrering.

Ein gjennomgang av internasjonale og norske studiar om kva skulestorleik betyr, konkluderer med at det er liten samanheng mellom skulestorleik og elevane si læring og trivsel når ein har teke omsyn til andre bakgrunnsvariablar ([UDIR](#)).

Overgangar og kontinuitet

I dette tiltaket er det fleire justeringar av kringsgrenser som vil bli opplevd som problematisk av innbyggjarane.

For bebuarar i Grovene/Rusta vil ei flytting til Førde barneskule bety at ein får ein nærskule som ligg noko lengre vekk enn i dag, noko som truleg opplevast som unaturleg. Busetnaden i området er også slik geografisk at ein ikkje unngår å dele nabolag når ein lagar ny grense. Dette vil medføre at det ikkje er like stor samanheng mellom det sosiale livet på skulen og fritida for elevar nær grensa. Dette vil truleg vere ei ulempe.

Konsekvensar for tilsette

- Ein større arbeidsplass med fleire kollegaer, som vil vere ei endring både sosialt og fagleg.
- Samanslåing kan skape eit større og meir variert fagmiljø for lærarar. Dette kan føre til eit rikare samarbeid, og styrking av profesjonsfellesskapet og utvikle pedagogisk kompetanse.
- Stor skule kan gjere det vanskelegare for lærarane å ha oversikt over den samla elevmassen, ved til dømes inspeksjon og liknande. På same tid er det fleire lærarar som har inspeksjon, og det blir vanskeleg å konkludere på om tilsynet vert svekka eller styrka.

Konsekvensar for lokalsamfunnet

- For området kring Sunde vil ei nedlegging bety at eit viktig samlingspunkt i grenda forsvinn. Sunde skule er det einaste anlegget i området. Likevel er det kort veg til Førde sentrum, noko som vil dempe dei negative konsekvensane for innbyggjarane i området om vi samanliknar med konsekvensar for andre grendaskular i kommunen.
- Kringsgrensejusteringane som er skissert i tiltaket vil påverke lokalsamfunnet kring Slåtten skule ved at delar av elevmassen/området vil sokne til ein ny skule som ligg utanfor det naturlege geografiske nærområdet.

Andre konsekvensar

- Ei samanslåing vil føre til meir effektiv bruk av ressursar, både når det gjeld personalkapasitet og bygningsmasse. Dette kan gi sektoren økonomisk handlingsrom.

Effekt- og konsekvensmatrise

Her skal du vurdere av effekten av tiltaket sett opp i mot konsekvensen av tiltaket. Tiltak med låg konsekvensen og høg effekt (grøne tiltak) bør gjennomførast før tiltak med høg konsekvens og låg effekt (røde tiltak).

		Effekt og konsekvens					
Høg	1	Konsekvens	1	2	3	4	5
	2		2	4	6	8	10
	3		3	6	9	12	15
	4		4	8	12	16	20
Låg	5		5	10	15	20	25
		Effekt					
		1	2	3	4	5	
		Låg				Høg	

Å flytte Sunde skule til Førde barneskule:

Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
2	3	6

Vurdering: Tiltaket er vurdert som gul.

Å flytte Sunde skule til Slåtten skule:

Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
2	3	6

Vurdering: Tiltaket er vurdert som gul.

Å flytte Sunde skule til Halbrend/Flatene skule:

Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
2	3	6

Vurdering: Tiltaket er vurdert som gul.

Konklusjon

I dette tiltaket er det skissert tre ulike alternativ for kor ein skal flytte elevane ved Sunde skule. Dei blir vurdert som relativt likeverdige då konsekvensane kan vurderast til å ligge på same nivå.

Ved å flytte elevar til Slåtten skule, vil ein del av elevmassen på skulen i dag flytte til Førde barneskule. Vi ser det som utfordrande å dele eit nabolag får å jamne ut kapasiteten på skulebygg, sjølv om det kan bidra til å redusere overkapasiteten på Slåtten, og dermed avgrense eventuelle investeringsbehov som følger av det.

Ved å flytte elevar til Førde barneskule vil ein oppleve å få eit elevtal som ein ikkje har tatt høge for når ein utgreia Førde ungdomskule-bygget til ny barneskule. Det er dermed usikkerheit knytt til dette tiltaket, og det vil krevje ytterlegare utgreiingar før ein kan slå fast om bygningsmassen vil ha kapasitet, og kva eventuelle ekstrakostnadar ein ser føre seg for å dimensjonere opp til elevtalet.

Flytting til Halbrend er også greia ut. Det er krevjande å få plass til Sunde dersom ungdomssteget held fram på Halbrend. Om ungdomssteget vert flytta er det god kapasitet til å ta imot elevane. Dersom ein ynskjer å legge ned Flatene, og flytte alle 1.-7.-trinnslevar til Halbrend skule vil det igjen bli tett oppunder maksimal kapasitet dei første åra. Det kan derfor vurderast å flytte Sunde-elevane til Flatene og Halbrend skular, og heller flytte Flatene-elevane til Halbrend skule nokre år seinare om elevtalet vert lågare.

På bakgrunn av dette må vidare prioritering og val av alternativ ta omsyn til både økonomiske og praktiske konsekvensar. Samstundes må ein sikre at den løysinga ein vel, best mogleg tek i vare elevane sine behov for tryggleik, tilhøyrslø og eit godt læringsmiljø. Dette krev ei balansering mellom å utnytte ressursane effektivt, samstundes som ein minimerer negative konsekvensar for lokalsamfunnet og den enkelte elev.